

Aust Agder fylkeskommune
Vest Agder fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dato: 22.06.2017
Vår ref.: 2017/
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Kopi: Styret og vararrepresentantane, revisor,

Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Sørvest Bomvegselskap AS

Etter vedtak i styret vert det kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i selskapet.

Dato: 3. juli 2017
Klokkeslett: 08.30
Stad: Bergen lufthamn, Clarion Hotel Bergen Airport

Sakliste

1. Opning av møtet ved styreleiar Paul M. Nilsen, med føring av møtande/deltakande aksjeeigarar.
2. Val av møteleiar og protokollunderskrivarar.
3. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
4. Kjøp av BT Signaal AS
5. Styrehonorar 2016

Aksjeeigarane kan la seg representera ved fullmektig. Fullmektigen må framlegga skriftleg fullmakt.

Dokument til sak 4 og sak 5 er lagt ved.

Med helsing, for styret i Sørvest Bomvegselskap AS

Paul M. Nilsen
styreleiar

Til:	Generalforsamlinga i Sørvest Bomvegselskap AS
Frå:	Styret i Sørvest Bomvegselskap AS

Kjøp av BT Signaal AS

Bakgrunn

I samband med arbeidet med etableringa av eit regionalt bompengeselskap for Sørlandet og Vestlandet, fekk dei fem fylkeskommunane 7.4.2016 tilbod frå BT Signaal AS om å kjøpa selskapet. Verdien av BT Signaal AS vart då anslått av BT Signaal AS til å vera 120 – 140 mill.kr. Tilbodet vart ikkje formelt svara ut av fylkeskommunane, men det vart i juni 2016 vedteke å etablere eit regionalt bompengeselskap. I notatet «*Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet*», frå dei fem fylkesrådmennene, som var ein del av saksgrunnlaget for vedtaka i fylkestinget, vert det vist til at det regionale bompengeselskapet må handsama tilbodet frå BT Signaal AS i samband med vurderinga av driftskonsept for bompengeselskapet.

Val av driftskonsept

Ulike driftskonsept har vore drøfta i styret i Sørvest Bomvegselskap AS. Marknaden for kjøp av driftstenester har skrumpa inn. Det er derfor blitt meir aktuelt å driva innkreving i eigenregi. Dei regionale bompengeselskapa kjem til å overta fleire operative oppgåver frå Statens vegvesen, blant anna knytt til sentralsystem og vegkantutstyr. Det er føresett at selskapa i større grad enn før er i stand til å ta hand om heile verdikjeden i bompengereinnkrevinga. For å kunna møte dei kompetansemessige utfordringane, har Sørvest Bomvegselskap valt å gå inn i ein kjøpsprosess mot BT Signaal. Eit anna alternativ hadde vore å bygga opp ein eigen driftsorganisasjon. Det ville ta lengre tid og det er større risiko knytt til eit slikt alternativ.

Avtale om kjøp av BT Signaal AS

Basert på gjennomført due diligence og ei verdifastsetjing av BT Signaal (utarbeida av Wikborg Rein og PWC), vart det medio mai 2017 framforhandla ein kjøpsavtale, som vart handsama av styret i Sørvest Bomvegselskap 23.5.2017, styresak 013/2017. Styret vedtok samrøystes at:

«Styret i Sørvest Bomvegselskap AS godkjenner inngåelse av avtale om kjøp av aksjane i BT Signaal AS for NOK 88. mill., under føresetnad om at generalforsamlinga godkjenner avtalen om kjøp av aksjane. Styreleiar får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen.»

Avtalt kjøpesum framgår av verdivurderinga, som ligg ved i eit eige notat som er unnateke offentlegheit etter offentleglova §13.1.

Kjøpet omfattar BT Signaal AS si verksemd etter at aktivitet knytt til parkering, utviklingseininga i Polen og IKT prosjekt i Afrika er tatt ut. Utskilljinga av desse verksemdene blir gjort grunna

bompenggeavtalen som set svært strenge rammer for kva oppgåver som kan ligga i eit regionalt bompengeselskap. Kjøpet omfattar også rekneskapstenester og inkasso som vert drive i egne datterselskap - B&T Aut Regnskapførerselskap AS (BT AR) og Demand Norge AS (Demand). BT AR vil bli innfusjonert i BT Signaal AS i forkant av kjøpet. BT Signaal AS sine driftskontraktar for bompengeprojekt i region nord og to driftskontraktar for AutoPASS ferje (Horten –Moss og Flakk – Rørvik) vert omfatta av kjøpet, men vert høvesvis avvikla ved kontraktslutt og no føresett utskilt i eige selskap.

Grunngjeving for kjøpet.

Styret grunnjev kjøpet med marknadsmessige forhold (sjå avsnitet ovanfor om val av driftskonsept), nye oppgåver/roller for bompengeselskapa og behovet for raskt å få på plass eit kompetent driftsmiljø som kan handtera bompengeverksemda i heile regionen. Med etablering av nye bypakkar og mange store prosjekt i regionen dei komande åra, er det svært viktig å ha god kompetanse internt i selskapet.

BT Signaal har eit anerkjent kompetent driftsmiljø og er kjent for å kunna halda låge driftskostnader. Styret vil presisera at det er føresett at aktiviteten i Agder Bomdrift skal oppretthaldast. BT Signaal saman med Agder Bomdrift vil då utgjera eit kompetansemessig sterkt driftsmiljø i Sørvest Bomvegselskap.

Styret vil presisera at det er føresett frå Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet at bompengeselskapa i langt større grad enn før må vera i stand til å ta hand om heile verdikjeden i bompengerevninga. Dei nye regionale bompengeselskapa er derfor noko anna enn eit «stort gammalt bompengeselskap». I den nye bompenggeavtalen står det at «*Departementet fastsetter ansvarsforholdene til innkrevingsutstyret.*» I brev frå Samferdselsdepartementet frå 17.3.2017 til bompengeselskapa får dei regionale bompengeselskapa eit slikt ansvar:

«Etter at et RBPS har inngått bompenggeavtalen etter ny mal, skal RBPS overta det samlede ansvaret for vegkantutstyret i sine bompengeprojekt på et passende tidspunkt. Det forutsettes at Statens Vegvesen og RBPS enes om praktiske framgangsmåter ved ansvarsendingen for å ivareta kontinuitet i driften og framdrift i anskaffelsesprosesser.»

«Intensjonen er at når ny kjerneløsning er i drift, skal ansvaret overtas av RBPSene. Det må legges opp til en forsvarlig prosess og tidspunkt for overtakelse av ansvaret etter at kjerneløsningen er på plass, som sikrer trygghet og kontinuitet i innkrevingsystemene. Dette fordrer at RBPSene inngår et forpliktende samarbeid seg imellom som gjør dem i stand til å overta ansvaret for kjerneløsningen. Endelig overtakelse vil først fastsettes når SD er forsikret om at en overføring av ansvaret er forsvarlig.»

«RBPS har ansvar for sine respektive lokale deler knyttet til ny systemløsning»

Dei regionale bompengeselskapa kjem til å overta operative oppgåver som før har vore utført av regionane i Statens vegvesen og oppgåver som Vegdirektoratet har hatt ansvar for. Oppgåveoverføringa føreset derfor kompetente tekniske driftsmiljø i dei regionale bompengeselskapa.

Finansiering av kjøpet

Samferdselsdepartementet har i epost til Hordaland fylkeskommune 24.2.2016, svara ja på at bompengar, på visse vilkår kan finansiera eit oppkjøp av BT Signaal. Frå svaret frå departementet:

«...det regionale bompengeselskapets kostnader til oppkjøp av eksterne driftsselskaper indirekte kan finansieres av bompengeinntekter når bompengeprosjektene mottar driftstjenester fra driftsavdelingen/driftsselskapet. Slike tjenester kan det tas betalt for, og kostnadene kan derfor belastet de enkelte prosjektene som mottar de tjenestene det gjelder. I det vederlaget som faktureres/belastes prosjektene må det kunne innkalkuleres en rimelig godtgjørelse for kapitalkostnad, og som kan sette det regionale bompengeselskapet i stand til å betjene lån det har tatt opp for å finansiere oppkjøpet.»

Fylkesbudsjetta vil såleis ikkje bli belasta ved kjøp av selskapet.

Fylkeskommunal garanti for låneopptaket

Sørvest Bomvegselskap AS sendte 10. mai 2017 søknad til dei fem eigarfylkeskommunane om å garantera for kjøpet av BT Signaal AS. Det vart søkt om ein garantisum på 110 mill.kr fordelt likt på dei fem fylkeskommunane. Garantibeløpet i søknaden tok høgde for at selskapet må skaffa seg noko arbeidskapital grunna kostnadar ved oppstart. Når kjøpesummen no er blitt 88 mill., er det noko lågare enn føreset. Garantiska har vore handsama i fem fylkesting. Her er vedtaka:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane, 14.6.2017, i sak 25/17 « Sørvest Bomvegselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS»:

«1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån på inntil 22 mill. kr.

2. Garantiansvaret gjeld i inntil 10 år.

3. Garantien må godkjennast av Kommunal - og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1. pkt.»

Fylkestinget i Hordaland, 14.6.2017, i sak 41/17 « Sørvest Bomvegselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS»:

«1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån på inntil 22 mill. kr.

2. Garantiansvaret gjeld i inntil 10 år!»

Fylkestinget i Rogaland, 14.6.2017, i sak 51/17 «Sørvest Bomvegselskap As - spørsmål om kjøp av selskap og garanti»

«1. Fylkesordfører kan stemme for kjøp av BT Signal AS i Sørvest Bomvegselskaps ASs generalforsamling, såfremt styret har nådd frem til en avtale som anbefales for generalforsamlingen.

2. Rogaland fylkeskommune stiller garanti som selvskyldnerkausjon overfor Sørvest Bomvegselskap AS for nødvendig låneopptak til kjøp av BT Signal AS, på inntil NOK 19.000.000,- . Garantiansvaret gjeld i inntil 10 år.»

Fylkestinget i Vest Agder, 19.6.2017, i sak 24/17 «Sørvest Bomvegselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS»:

«1.Fylkestinget utsetter behandlingen av saken: Sørvest Bomvegselskap AS garanti for lån til kjøp av BY Signaal AS, inntil det er klargjort hva det koser å kjøpe tjenestene fra andre etablerte selskap.

2. Fylkestinget ber styret i Sørvest Bomvegselskap AS avklare behov for kompetanse og utstyr for å gjennomføre pålagte oppgaver som regionalt bomvegselskap.»

Fylkestinget i Aust Agder, 20.6.2017, i sak 17/32 Rapport for 1. tertial 2017

«Sørvest Bomvegselskap AS gis en lånegaranti på 22 mill. kroner til kjøp av BT Signaal AS. Garantien gis for en periode på ti år og må endelig godkjennes av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

Eigarane har tilsaman garantert for 85 mill. kr.


Dialog med Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet er innstilt på å opna for at Sørvest Bomvegselskap skal kunna vidareføra driftsavtalane i bomregion nord fram til opphøyrstidspunktet. Samferdseldepartementet har gjeve Sørvest Bomvegselskap melding om at AutoPASS -ferjeaktiviteten må skiljast ut før Samferdselsdepartementet kan underskriva bompengavtalen med Sørvest Bomvegselskap.

Utan bompengavtale har ikkje Sørvest Bomvegselskap innkrevingsrett og kan ikkje fusjonera inn dei eksisterande bompengeselskapa. Det vert arbeidd med å få på plass ei selskapsteknisk løysing som gjer at ferjekontraktane kan skiljast ut i etterkant av kjøpet, lagt inn i eit eige selskap. Utstedarverksemda, som alle bompengeselskapa er pålagt å skilja ut i framtida, vil eventuelt kunna leggest til eit slikt selskap.

Vedlegg

- 1. «Avtale om overdragelse av aksjer i BT Signaal AS», signert 29. mai 2017, Uoffl. §13.1.**
- 2. Erklæring fra aksjonærer i Sørvest Bomvegselskap AS**

 Signerast i møtet

Forslag til vedtak

Generalforsamlinga i Sørvest Bomvegselskap AS godkjenner «Avtale om overdragelse av aksjer i BT Signaal AS» signert 29. mai 2017 og kjøpet av aksjane i selskapet BT Signaal AS.

Til Sørvest Bomvegselskap AS

Erklæring fra aksjonærer i Sørvest Bomvegselskap AS

Det vises til at det i forbindelse med kjøpet av BT Signaal AS (org. nr. 925 730 289) ("**BTS**") er planlagt å innfusjonere den virksomhet i BTS som er bompengerelatert i Sørvest Bomvegselskap AS (org. nr. 918 012 745) ("**SBS**"). Begrunnelsen for dette er at SBS har besluttet at selskapet ønsker å levere de tjenester selskapet skal levere etter bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet i egenregi. Fusjonen mellom den bompengerelaterte virksomheten i BTS og SBS vil gjennomføres i henhold til aksjeloven § 13-23 om fusjon mellom morselskap og heleid datterselskap. Aksjonærene i Sørvest Bomvegselskap AS erklærer herved at vi har akseptert fravikelse av kravet i aksjeloven § 13-23 (2) nr. 3 om underretning til aksjonærene om fusjonen senest en måned før styrets beslutning om fusjon.

_____, _____ 2017

For Rogaland fylkeskommune:

For Sogn og Fjordane fylkeskommune:

For Vest Agder fylkeskommune:

For Aust Agder fylkeskommune:

For Hordaland fylkeskommune:

Til: Generalforsamlinga i Sørvest Bomvegselskap AS

Frå: Styret i Sørvest Bomvegselskap AS

Styrehonorar 2016

Det blir ikke avlagt regnskap for oppstartsåret (2016) for Sørvest Bomvegselskap AS. Adgangen til ikke å avlegge regnskap i oppstartsåret følger direkte av regnskapsloven §1- 7 andre ledd. Det er imidlertid ønskelig å fastsette styrehonorarer for den del av året som styret har vært i virksomhet, slik at en neste gang kan fastsette styrehonorarer for et ordinært regnskapsår. Selskapet ble stiftet 5. oktober 2016 og registrert 7. november 2016. Det er avholdt tre styremøter i 2016.

Sørvest Bomvegselskap AS kommer til å bli det største av de regionale bompengeselskapene, men har foreløpig ingen aktivitet som regionalt selskap. Styret har imidlertid hatt betydelig aktivitet i forbindelse med planlegging og oppstart av selskapet.

I notat fra fylkesrådmennene som lå til grunn for saken om etablering står det:

«Det er rimeleg at styreleiar får 50 000-100 000 kroner i godtgjersle per år og at styremedlemmane får det halve. Selskapet bør ikkje betala ut godtgjersle for tapt arbeidsinntekt, men dekkja reiserekning etter statens satsar.»

For 2016 foreslår styret at det blir utbetalt 25% av et årshonorar, og at årshonoraret settes til kr. 80 000 for styreleder. For nestleder foreslås 60 000 pr år og for øvrige styremedlemmer foreslås 40 000 kr pr år. For varmedlemmer settes honoraret til 3000 per møte. Ingen varmedlemmer har vært innkalt i 2016. Styret mener at styrehonorarene må vurderes på nytt når de skal fastsettes for 2017.

Styret foreslår at generalforsamlingen godkjenner styrehonorar for 2016 slik:

Styreleder	kr. 20 000
Nestleder	kr. 15 000
Styremedlem	kr. 10 000